

## ØKONOMIRUTINER FOR FOTBALLAG I TRIO IL

- Etter NIF sitt regelverk, skal kvart fotballag ha bankkonto i TRIO sitt namn. Det er ikkje lovleg med private kontoar.

Ta kontakt på [fotball-kasserer@il-trio.no](mailto:fotball-kasserer@il-trio.no), så blir konto oppretta.

- Alt som går inn/ut av bankkonto må dokumenterast. Kvar mnd må ein sjekke kontoutskrift opp mot kvitteringar el.l., ein har, for å få kontroll på om ein manglar nokon.
- Alle utgifter/inntekter må dokumenterast med originale kvitteringar, faktura el.l, der alle opplysningar skal vere med. Eks: Om ein legg ut privat for noko, kan ein ikkje få det refundert om ein ikkje har gyldig kvittering.
- Ved bortekampar skal ein ansvarleg ta inn eigendel for kvar spelar. Reiserekneskap skal fyllast ut. Skjema og kontantar, skal leverast til lagleiar. Kontantar skal setjast inn på lagskontoen, av lagleiar. Reiserekning nyttast ved reiser utanfor Kvinnherad/ Odda.

Skjema for REISEREKNESKAP, finn de i LAGLEIARPERMEN.

- Lag som har inntekter/utgifter, skal levere rekneskap, innan 15.07., etter vårsesongen, og innan 15.12., etter haustsesongen. Dette er lagleiar sitt ansvar.

I LAGLEIARPERMEN, finn de skjema for REKNESKAP, som ein kan bruke.

Rekneskap m/bilag skal sendast til: [fotball-kasserer@il-trio.no](mailto:fotball-kasserer@il-trio.no)